

Ola S. Nyhus

Nedskriverens navn	Gudbjørg Sørhagen
Adresse	Lom
Fødselsår	1923
Fødested	Lom

Er det egne opplevelser som skildres? Nei

Fortellerens navn	Ola S. Nyhus
Adresse	
Fødselsår	1867
Fødested	Vågå

Ola S. Nyhus fortell: ”Eg er fødd på husmannsbruket Bondestugu under Nordigard Valde. Plassen ligg høgt opp på vegen mot Randsverk. Mor heitte Embjørg Bondestugu, far heitte Syver, han var fra Nesset. Vi var ti sysken. Skulegonga var omgangsskule, vi gjekk annenkvar dag. Læraren heitte Jehans Vesdahl, han var frå Vågå.

Det var mange born frå husmannsplassane som ikkje hadde mat og ha med seg på skulen. Summe av gardmannsungane var så snille at dei delde maten sin med dei som ingen ting hadde, men det var ikkje alle. Men så fekk læraren ordna det slik at dei som ikkje hadde mat fekk kaku (brød) men dei fekk ikkje smør på. Eg hadde mat heile tida.

Bruket fora 3 kyr og nokre småkrøter. Plikta var at far skulle vera med og gjera alt slags arbeid på garden. Det var ikkje noko dag tall. Plikta var utlikna i 12 skilling dagen. Ved fekk vi ta i skogen. Ellers hadde vi hamnerett til krøtera våre saman med krøtera på gården. Ellers plikta garden og ta med seg krøtera til husmannen på sætra og laga ost og smør av mjølka.

Husa var gode. Stugu var likesom to rom utan dør i mellom. (Far hadde vedlikehaldet av husa). Innboet var heller sparsommeleg, eit skåp (veggfast), bord, 2 senger og nokre stolar. Skorstein til å brenna på. Ellers hadde vi treskeier og tretallikar. Nokon stas av noko slag var det ikkje, utan eit ”handklækast” (bastkast) der hadde mor hengjande eit kvit utsauma (?) pyntehandklæde. Ikkje nokon blome eller noke slikt korkje ute eller inne.

Vi avla lite korn, men det hende at det fraus og var uår. Ellers var det oftast at såføet berre var trakke nedi og da vart det mykje ugras og dårleg avling. Da måtte vi drygja målet med mose og bark. Ja, andre ting og. Eg hugsar vel at bestfar min, han heitte Jehans Bondestugun, drog til fjells og kom att med gul fin matmose. Denne mosen vart fyrst vaska i ein stamp, deretter luta i askelut (leska skulle vera bjerkeoske). I luta låg han 1 – 2 døgn. Så vart han utvaska til vatnet var klørt. Da var han vorten ei geleaktig masse, ferdig til å laga graut av. Hadde ein ei mjølså (?) eller to å vóra i var det bra, hadde ein ikkje så smakte han nå godt likevel. Luta som vart bruka vart kalla ”støypkut”. Eg tykkjer enda eg ser klebergryta som stod i skorstein heime i Bondestugu med mosegraut i. Ho bestemor gjekk og ofte ute på gjordet og plukka syre som ho turka, knasa sund og brukte i brødet. Og så hugsar eg at ho turka beina og slo dei sund så dei vart fine og brukte dei til mat. Men den kosten måtte ein vera varsom med, ellers kunne

ein få forstoppelse så ein vart reint i beit. Børkebrød har eg og ete. Men det var beiskt og vondt. Det var bjørkebork dei brukte. Men korleis dei gjekk fram med å laga det veit eg ikkje.

Eg trur mest ikkje at det var oppbrent ei einaste vedastikke mindre borken var teken av til mat for folk eller krøter. Beste gnaget for dyre var furu. Vi tok furuskata (store greiner) og drog dei inn på "tallen" (tofta) til geit og sau, da gnog dei borken av til veden var heilt kvit. Då kan du tru at geitmjøka voks og var gul og feit og fin.

Kyrne fekk mykje bjørkeris. Dei fekk kvistane inn i båsane til seg, så deg beit av så mykje som dei kunne beta av. Så gnog sau og geit av borken, og til slutt vart det nytta til ved.

Ellers fekk kyrne mykje måså. Om hausten var karane inni fjellet og raka saman reinsmose, som dei slekte saman i store haugar. Når det vart vinterføre køyrde dei mosen heim og gav kyrne han. Eller til sætra for dei som dreiv med vinterlogo frå sætrom. Da eg var 9 år gamal bygde bestefar opp ei stove til oss lenger inne. Og vi flutte dit. Far tok tjeneste på garden Storvik og der vart han i over 20 år. Han tente betre med det tykte han. Eg veit at han hadde 6 dalar året og fulle klæde. Ellers fekk han mykje korn.

Før eg var vaksen kom eg til nordigard Valde eller Ville som vi seier for å tena. Der vart i 6 år. Eg kom der ein haust, skulle vera med dattera Gunhild i fjøset. De var næst siste året eg gjekk på skulen. Om våren spurde ho om eg ville vera med til sætra og kalde heim geitene til henne om sumaren, og det ville eg. Valde har sæter ved Lemonsjøen.

Eg lika meg godt der. Gundhild var særst snill mot meg. Eg fekk mat og klæde for arbeidet før eg var konfirmant. Etterpå hugsar eg det ikkje. Det hadde vori mykje bjørn i traktene der, men eg såg aldri nokon. I desse åra var det eg opplevde vingerlego på sætrom. Det var likesom to sætteriser på en gard den tida. (Eg trur forreisten at dette var mest i bruk i Vågå). Fyrst om våren. Og når skreddar og skomaker hadde gjort frå seg på garden om hausten, så bar det til sæters att, med alle krøtera som på garden var, til det dei kalla "vinterlego på sætrom". Budeie stelte fjøset og kinna smør og ysta ost og karane haugde beit, køyrde heim måsen fra fjellet og ved frå skogen.

Futen bestemde kor mange lass med bjørkebeit kvar gard hadde lov til å hogga, og på Valde var det 10 lass. Dette laut da husmennene vera med og hogga. Mosekoyrareane drog til fjells og gjorde som regel ei vende før deg såg dagen. (Før det var ljost om morgonen).

Medan dei var borte med hestane måtte eg gjera reint i stallen. Møkka bar eg ut og la i haugar uti garden. Så la vi "beit" rundt og slepte ut kyrne. Da åt dei både "beitet" og øykemøkka. Så slepte vi ut geita og sauene så dei gnog av borken. Det var mangt slags arbeid den tida.

Oftast rakk foret på sætra til over jul. Og både budeie og karane høgtida jula på sætra. Ja, det hende at det kom gjester frå nede i bygda og, for det var treveleg i jula ved Lemonsjøen.

Nokre dagar før jul reiste karane ned til bygda med ved. Og fikk med seg av det som var til laga på garden til jul, og julebrennevin. Og så vart jula feira som heime i bygda. Når høgtidsdagane var til endes, og det leid til tredjedagskvelden var det leik og dans kveld etter kveld. Folk fra ymse sætrer for på gjæsting hjå kvarandre, mat og drikke spanderte dei kvar sin gang. Var det ikkje spelemann med var det altids ein som kunne lulla og syngja og sågjekk

dansen til frampå morgonsiden inne i selet. Eg var flink til å låta på munnharpe, og mang ein halling og spinningdans har vore danse eter munnharpeslått min i selet ved Lemonsjoen. Men nå har eg ikkje munnharpe lengere.

Vart det for lite kvinnfolk dansa gjerne to karar samen når dei vart passande "ørne" (fulle). Ellers om vinter kveldane sat vi rundt skorsteinen med arbeidet vårt. Budeia "batt" (strikk) og vi karane laga salvor (sopelimar) og "handtivilar" til trebyttene (ein handtivil er det ein ber bytta etter). Ellers vart det da sunge og fortalt mangt, men det hugsar eg ikkje noko av. Eg veit eg var med ei gamal ei fra Lom som heitte Goro på sætra ein sumar. Det var mykje fisk i vatnet ved sætra og om hausten gjekk han langt oppover bekkene. Da tok eg mykje fisk og sende heim til garden. Eg veit ein dag eg tok ekstra mykje, da ropte eg til Goro at ho måtte koma med eit stort trog til meg til å ha fisken i. Ho trudde ikkje på meg for i Lom er det ikkje noko til fiskevatten og ho var ikkje vant til så mykje fisk. Da lyfta eg opp ein så ho fekk sjå, da kom ho springande med eit lite trog. Da ho fekk sjå all fisken slo ho seg på låra og sprang inn etter eit stort trog til meg. Eg fekk ikkje noko ekstra på garden for all fisken eg skaffe dei.

Ein gong medan eg var på sætra på Valde trefte eg borti meisterkyttaren han Jo Brurusten, best kjend under navnet Jo Gjende inne i fjellet. Det var ein raring. Han gjekk i raudhuve og eit raudt halsturklæ omkring halsen og omkring det finklæder hadde han ein trespenning.

Under Augarden (mitligarden) Storvik var det ein husmannsplass som heitte Nyhus. Dattera der heitte Ingrid. Ho var fødd 1861. Ho vart åleine at på bruket med den gamle far sin. I 1880 åra gifta eg meg med henne. Ho døydde 6 år sidan. Vi har to born. Eg vart verande som husmann der i 22 år. Det var snautt ei kuforing på bruket så eg måtte kjøpa for i den kua vi hadde.

Eg hugsar ikkje korleis det var å kjøpa for. Eg måtte vera 15 dagar med slått og 8 dagar i mosefjellet som plikt for bruket. Og ellers måtte jeg og vera der kvar dag på arbeid. Men da hadde eg 33 øre dagen når eg dreiv slik som skogskøyering og køyrde heim mose fra fjellet. Ved hadde vi i skogen. Husa var bra, vi hadde i stand heldinga, men garden åtte 1/3 av husa, sjølv om vi stelte dei. Da vi flutte fra der, måtte dei løysa oss ut, men eg hugsar ikkje kor mykje vi fekk. Det hende at vi fekk låna våronn hest, men det var skjeldan. Ellers var det ein liten treplog som gjekk på lån husmannsbruka i millom.. Ein 3 – 4 karar gjekk i saman og drog plogen. Det var på mange husmannsbruk det var så dårlege tak at dei var omtrent som silar. Det hende aldri at vi var bedne inn på garden. Det var slik at var det eit lag vart dei "småe" att. Men var det arbeid som måtte gjerast mått dei "småe" gjera det. Eg hadde kontrakt på bruket mitt, men det var mange som inga kontrakt hadde. Mi kontrakt var heller ikkje tinglesen.

Eg trur at vi hadde meire moro den tida enn nå. Vi kom saman det var ikkje støtt vi hadde spelemann, men da lulla vi. Ikkje var vi så nøye på plassen heller, for det vart helst i dei små husmannsstuene vil samlast. Så vart det slik at vi la i 1 skilling kvar og betalte spelmannen, så vart til tri skilling, men da fekk vi både mat og kaffe.

På dei 22 åra eg var husmann var det berre en dag eg ikkje var på arbeid, og da gjekk eg til Vågåmo for å handle mat til familien min. Ein sumar var eg turistfører ved Gjende. Eg var ofte inne i steinbua hjå ho Gjendine Slålien og foredra hennar ved Gjende. Ein gong som sumaren rodde eg han Ola Røysheim over Gjende. Ola hadde og Eidsbugarden. Han spurde

meg da om eg skulle vera hjå honom om sumaren etter. Det vart til at eg kom dit om våren og vart førar på Eidsbugarden i to sumrar. Eg hadde 1 krone dagen som førar. Det hende at eg var heilt nede i Beito i Valdres og henta engelske turistar med kløv – og ridehestar. Engelskmennene var greie og høffelege folk, men snaue med drikkepengar. Det var som regel berre 5 øre.

Ein gong fekk eg meg ein skrekk i live, eg hadde gått med post frå Eidsbugarden til Tørtagrø. Der trefte eg han Tergjer Sulheim, han hadde gjebusrdagen sin dein dagen. Og eg laut ha nokre drammar hjå han før eg reiste over fjellet att til Eidsbugarden med postskreppa og den lange piggstaven som eg hadde til ”vyrjy”. Da eg kom inn på fjellet sette eg meg ved ein stein for å kvila og der sovna eg og sov både vel og lenge. Da eg vakna att, det var nysnø, var det får etter ein rugg av ein slagbjørn like forbi der eg låg. Same bjørnen drap like etterpå fleire krøter for sogningane. Fleire såg han, men ingen kom han på skutmål. Han var salut, sa folk, og det skulle vera ein kjempe av ein slagbjørn.

Hugen min har alltid stått til fjellet. Medan eg var i Nyhus fekk eg meg utvist sæterplass inne ved Vetlvatnet i Vågåfjella. Eg fekk alle som hadde hovnerett der til å skriva seg på eit papir og fekk således utvist ein plass der. Det var berre skog og stein der den gongen. Men både eg og kona tok fatt og fekk smått om senn dyrka opp ein plass der såpass at vi kunne ha krøter. Da fikk vi og bygt opp lite hus. Da leverte vi husmannsplassen og flutte det inn og var fastbuande der i nokre år. I fyrstninga betalde eg 5 kr året for dette seinare vart det 10 kroner. Så leigde eg ein gard på Sel som heitte Skjenna, der var eg i 4 år. Sidan leigde eg Brue på Tessand. Sigurd, sonen min, kjøpte så bruket Nordre Tessand og vi flutte heim til honom. Men det siste hugsar eg minst av. Det er ikkje så mykje å skriva om heller det.

Eg var med han Knut Vole og bor matrealane til Piggehytta frå Juvasshytta og opp på Galhøggpiggen eg trur det var i 1888. Det var ein som heitte Mattias som var med og, men hen vart så redd da han hadde bære fyrste børa at han reiste heim att. Eg veit vi såg så mange reinsdyr som hadde dotte nedi sprekkar i breen den gongen, sume såg vi berre i horna på.

Det var vanskelig og få arbeid både i Lom, Skjåk og Vågå i slutten av 18hundre og fyrsten av 19hundre åra. Og mykje folk reiste frå bygdene. Fyrst til Nordland seinare til Amerika. Ein kunne sjå store hopar med folk om vårane som for etter vegen på leiting etter arbeid. Og mykje var det som gjekk gard i millom og bad om mat serleg vår og haust. Det var slik at fekk ein seg ikkje noko arbeid før jul, var det ikkje håp om å få det i året som kom.

Eg gjekk ofte med klufta og tok ut vatten hjå folk. Eg var til dømes hjå han Torgeir Garmo på Fossheim hotell i Lom og på Blakor i Lom.

Storstein Sørhage (det er bestefar til nedsrivaren) baud meg ein gong 400 kroner for at eg skulle finna sikkert vatten på garden hjå han. Men det torde eg ikkje å taka på meg. Eg kjende om det var vatten om eg la handa på bringa mi óg. Eg kan ikkje forklara korleis det var.

Det var ein som heitte Pål Runningen. Han reiste til Nordland. Kona og dei tri borna hans var att på husmannsplassen, det var under Valde. Da han var komen eit stykke frå heime råka han ein feoppkjøpar som villa kjøpa av honom tri geiter for 6 mark. Pål snudde att og var med honom heim og handla, og delde pengane med kona si. Så gjekk an i veg att. Han var i Nordland 1 års tid og sende pengar regelmessigt heim til kona så ho kunne leiga kar i staden

hans på Valle. Så kom han heim att, leverde husmannsplassen og fór til Amerika med heile huslyden. Både på Berggardane og Ulvsbu reiste gardgutane til Amerika. Dette var i 1880 åra. Eg trur dei fleste gjorde det bra i Amerika, og det kom snart pengar til dei som var att heime og det letta mykje.

Til slutt nokre hende som eg sjølv har vori borti. Medan eg og Ingrid låg på sætra som vi rudde oss opp hadde vi ein liten blakk fjording som eg slepte i fjellet på hamn om sumaren. Denne hesten reiste inn i Nysæterdalen og kom ikkje att. Ein sundag ville eg gå og sjå etter han. Det låg ein einsleg sæter på vegen og eg tenkte eg ville gå inn til bydeia og spørja ho etter hesten. For eg kjende henne og ho kjende hesten. Da eg kom så langt at eg så sætra, kom det ein mann frå stigen som gjekk inn i Nysætradalen og nedover til sætra. Eg gjekk fortare for eg tenkte at eg skulle spørja han etter hesten. Men mannen var raskare enn eg og gjekk inn på sætra, eg tenkte at det var friar til budeia, men eg gjekk da inn eg og. Da eg kom inn var budeia heilt åleine. Eg stussa, men eg sa ikkje noko, var rett eg skulle skræma henne, åleine som ho var. Det var ei bu som ho hadde osten i, eg gjorde meg æren dit for å sjå på osten, men der var det heller ingen. Eg sa ingen ting om det. Budeia fortale at hesten min gjekk i Nysæterdalen og eg gjekk heim. Næste sundag gjekk eg og for å spyrja etter hesten, og det same som sundagen før gjentok seg. Men eg sa ingen ting da heller. Hesten var på same stellet fortalde ho. Mannen såg eg ikkje inne da heller, men eg såg at han gjekk inn.

Den tredje sundagen kom, og eg tok i veg att.

Da eg kom på same stelle som sundanene før kom det på ny ein mann nedover den same stigen og gjekk inn på sætra, men denne mannen var mørkklædd og hadde ein stor kvit krave omkring halsen. Heller ikkje da sa eg noko til budeia. Hesten min var nå til sætra komen og eg fekk han med meg heim. Eg grunda mykje å dette ut over hausten, om det ville kome til å henda noko der på sætra. Og det gjekk ikkje lenge utover vinteren før det triste hende. Sætra ligg ved eit vatten der det er mykje fisk. To karar frå lengere ned i Ottadalen ville inn på tjerne og hogga hol på isen og fiska. Dei kom ikkje att. Men dei fann skifara etter dei, dei hadde kome etter den same stigen som eg hadde sett dei to karane koma. Og skifara gjekk forbi sætra og rett ned på tjernet der hadde isen bruste og båe hadde drukna.

Det var vel ”føreronet” deira eg hadde sett.

Ein gong skulle eg reisa bortover til Randsverk. Eg køyrde med hest og kjerre. Da eg kom eit stykke på vegen nådde eg att to karar som skulle innover til Rustvatnet og sleppa merrane sine med hesten. Dei gjekk og leidde og eg stana og bad dei sitja på og det gjorde dei, og takka til. Da vi hadde køyrt eit stykke stana hesten min plutselig og frøste i nasen. Og over vegen framanfor hesten kraup ein mann på alle fire. Eg såg han, men dei to karane såg ingen ting. Det har ofte vore sett og høyrte overnaturlige ting på den same staden.

På ein gard eg var i slåttan vart det så uroleg i stova der vi låg med dans og musikk at vi måtte flytja bort i eit anna hus. Men så noko gjorde vi ikkje. Huldra har eg aldri sett, men eg trur at det er mangt i hauk og hamrar som vi ikkje har gjeie på, ” seier han Ola til slutt.